

LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØDato: 19.09.2019
Vår ref.: 2019/12463-3
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Keilen - Landbruksveg – gnr. 125, bnr. 2 - Lindås kommune

Viser til brev dagsett 03.06.19 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 17.06.19. med varsel om synfaring.

Det er nå gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i området. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.